



Harald  
Grytten

Kåseri med Harald Grytten  
ROSEKYRKA, SØNDAG 31. AUGUST  
KL 1800

## Føremål med programmet

- Kyrkjehola Kulturbeite har ambisjonar om å vere eit attraktivt utstillingsvindaug for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunststartar som musikk, litteratur og biletkunst.
- Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter på telefon 70 27 91 23, eller på e-postadresse [postmottak@stordal.kommune.no](mailto:postmottak@stordal.kommune.no)

Dette blir eit kåseri med lysbileteillustrasjonar. Temaet er målarkunst, men også treskjerarkunst frå nokre altertavler vil bli omtalt.

Harald Grytten, født 1938, har skrive ei rekkje bøker med tema frå Ålesund og Sunnmøre. Ei av dei siste bøkene hans er "Tre malere i by og bygd" der vi mellom anna finn eit flott bilete av målaren Johan Fredrik Berg med motiv frå Busengdal i Stordal.


Harald Grytten er kjend for sine inspirerende byvandringar i Ålesund og for artikkelserien "Sett fra krakken min" i "Nytt i Uka". Han skriv og snakkar gjerne om kunst på Sunnmøre.

## Kulturprogrammet er støtta av:




## STORDAL BYGDETUN

FORTIDSMINNEFORENINGA  
Foreningen til Norske Fortidsminnemerker Bevaring




Rosekyrkja frå 1789.



Prestestova er bygd ca. 1850.



Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

Desse to bygningane er eigd av Fortidsminneforeninga.

# KYRKJEHOLA KULTURBEITE

## STORDAL BYGDETUN



# No kallar sol og sommarvind

Eit musikalsk møte med diktaren Edvard Hoem  
Kristine Hoem - song, Edvard Hoem - resitasjon,  
Odd J. Overøye - klaver

ROSEKYRKA, SØNDAG 13. JULI KL 2000



Edvard Hoem  
Kristine Hoem

I dette programmet møter vi først og fremst salmediktaren Edvard Hoem. Mange av salmane hans, (dei fleste med melodiar av Henning Sommerro) har med poetisk kraft og vakker biletbuk funne sin naturlege plass i våre nyaste salme- og songbøker. Vi ser fram til eit spennande diktarmøte, der Hoem, saman med dottera, Kristine!, vil dele denne

vakre lyrikken med publikum gjennom song og resitasjon. Tonefylgjet er ved Odd Johan Overøye, som også vil ramme inn tekstane med musikalske meditasjonar.

I programmet for denne kvelden skriv elles Hoem fylgjande: -  
Grunnlaget for det eg vil kalle mitt livssyn, er at det evige livet er

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

noko som begynner her og no, og at menneskelivet med sorg og glede, og årets gang med haust og vår, er den grunnforteljinga som også best fortel oss om dei evige sanningane. Edvard Hoem (f. 1949) i Romsdal, har i ei årrekke vore ein av våre mest profilerte forfattarar, og ein viktig eksponent for det nynorske skriftspråket. Han har gjeve ut meir enn 20 bøker med lyrikk, skodespel og romanar. Kristine Hoem (f. 1985) er elev ved musikklinja ved Foss videregående skole i Oslo med song som hovudinstrument. Ho er medlem i Oslo Domkirkes Ungdomskor, der ho også har hatt solistoppgåver. Kristine har ved fleire høve hatt oppdrag saman med faren, Edvard Hoem, mellom anna under årets Petter Dass-dagar på Alstahaug i Nordland.

Odd Johan Overøye (f. 1961) arbeider som førsteamanuensis i arrangement/komponering ved Institutt for musikk, NTNU i Trondheim.

Som komponist har Overøye for tida eit utstrakt samarbeid med forfattaren Eyvind Skeie, mellom anna med tingingsverk til Olavsfestdagene i Trondheim 2004. Overøye blei tildelt statens kunstnarstipend og forskningsstipend frå Fulbright-stiftelsen i 2002.



Odd Johan Overøye

## Vår dramatiske fortid

- ein litteraturkveld med Astor Furseth  
LØSETSTOVA, TYSDAG 29. JULI KL. 19.00



Astor Furseth

Astor Furseth er fødd 21.12 1940 i Sykkylven på Sunnmøre, men bur no i Valldal. Av yrke er han tannlege og har praktisert i utkantar av verda, som Lyngen, 11 år på Færøyane og frå 1978 distriktstannlege i Valldal.

Som forfattar debuterte han med to romanar i året 1970. Etter det har han gitt ut ei rad bøker, noveller, essay, opplysningsbøker og fagbøker. Granskinga av vestlandsfjellas katastrofehistorie har ført til ein omfattande dokumentasjon av historiske skred som vil bli nytta i samband med eit planlagt skredmuseum i Tafjord. Etter at han kom tilbake til Noreg, og under opphaldet i Valldal har han arbeidd mykje med lokalhistorie og skredhistorie. Dei mange dramatiske menneskelagnadene han har møtt ved å studere lokalhistorie, har inspirert han til fleire romanar og noveller. På litteraturkvelden vil han lese frå nokre av novellene sine, og fortelje meir om kva som gir inspirasjon og kraft til å skrive.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

## Frå sneppert og iglekopp til datarøntgen

Helsestellet i Noreg 400 år - utstilling  
PRESTESTOVA, 29. JULI TIL 5. AUGUST.

Den første offentlege lege i Noreg, dansken Villads Nielsen Adamsen, vart tilsett i Bergen for 400 år sidan, den 3. juli 1603. Det skulle likevel gå mest 200 år før Møre og Romsdal fekk sin første offentlege lege. Han gjekk åtte år i apotekarlære i Hamburg, før han reiste til København for å studere legekunst. Apotek kom tidleg til Noreg. Det fyrste apoteket i Bergen kom i 1595, og i vårt fylke i 1756 i Kristiansund. På apoteka kunne folk få ulike naturmedisinar, igler, kopeutstyr og gode råd gratis. Men det var likevel JORDMORA som var den første offentlege helsearbeidaren i bygdene. I 1810 kom lov om at det skulle tilsetjast ei jordmor i kvart prestegjeld. I 1829 reiste Berte Knudsdatter Busengdal for å gå på jordmorinstituttet i Christiania. Helsetenesta i Stordal vil i samarbeid med Helselaget markere desse 400 åra med ei utstilling. Du vil få presentert historiene knytt til dei utstilte tinga både skriftleg og munnleg.



## Snøhvit og de syv dvergene

Barneprogram med Eva Mørkeset  
PRESTESTOVA, TORSDAG 28. AUGUST KL. 18.00



Eva Mørkeset

Barneprogrammet denne sommaren er det kjende eventyret "Snøhvit og de syv dvergene". Eva Mørkeset har også før gleda den heilt unge garden med sin versjon av det kjende Brødrene Grimm-eventyret "Snøhvit og de syv dvergene." Eva Mørkeset spelar alle dei ulike rollene i eventyret åleine - men ikkje utan å ta i bruk ulike teknikkar og rekvisittar.

Dvergene får liv ved hjelp av sju fingrar i eit par fingervottar. Programmet passar for born frå fire år og oppover. Eva Mørkeset har utdanning frå nordisk og britisk teaterskule. Ho har sidan 1991 arbeidd som frilans skodespelar, i hovudsak i London der ho dreiv med både teater, film og TV. Ho har og hatt ulike oppdrag både gjennom Folkeakademiet og gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kulturprogram. Dei siste to åra har ho arbeidd som instruktør og lærar ved Jugendteateret i Ålesund. Ho underviser i tillegg på Kunstsolen i Ålesund.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

## Snop

Kirsten Ludvigsen demonstrerer og fortel om lokale godteritradisjonar  
LØSETSTOVA, SØNDAG 24. AUGUST KL. 15 - 18

Når søthungeren og lysta på godteri blir påtrengande, er det i dag lett vint å få tak i det du måtte like. Korleis var det i eldre tider når trongen etter snop vart stor? Kva slags snop var vanleg? Korleis laga dei søtsakene?

Kirsten Ludvigsen har lenge interessert seg for gamle lokale mattradisjonar. I leiting etter lokale oppskrifter har ho og kome over oppskrifter på peppermynte og drops, som ho har prøvd. Denne søndagen i Løsetstova vil publikum få høve til å smake på nokre av godterier ho produserer og få demonstrert korleis peppermynte vart laga nettopp i Løsetstova på 1800-talet. Det blir og gitt skriftleg informasjon om oppskrifter og om tradisjonar innan dette spesielle kulturhistoriske emnet.



Kirsten Ludvigsen

## Ave Maria

Bøner og Maria-hymner frå opera og oratorier  
konsert m/ Victoria Nava (sopran) og Trygve Bröske (klaver)  
ROSEKYRKJA, SØNDAG 17. AUGUST KL. 20.00



Victoria Nava

I denne konserten har Kyrkjehola kulturbeite gleda av å kunne presentere to av våre fremste unge kunstnarar, Victoria Nava, sopran og Trygve Bröske, klaver. Victoria (f. 1974) har både italienske og engelske aner, men vaks opp i Trondheim, der ho fekk grunnlaget lagt ved byens kultur- og musikksskole. Etter studier ved Rossini-konservatoriet i Pesaro, Italia, og ved Opera-akademiet i København, har ho allereie markert seg

som dramatisk sopran i internasjonal klasse. Denne sommaren syng ho mellom anna hovudrolle i Puccini's La Boheme i Cesena i Italia, ved sida av engasjement ved fleire festivalar her til lands. Frå hausten 2003 er Victoria fast engasjert ved prestisjetunge Covent Garden operahus i London!

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Trygve Bröske (f. 1973) frå Stangvik på Nordmøre, har si grunnutdanning som pianist og komponist frå musikkonservatoriet i Trondheim. Våren 2001 avslutta han sitt diplomstudium med Dominique Merlet ved Conservatoire de Musique de Geneve, og blei tildelt Premiér Prix de virtuosité. Han har gitt solokonsertar i Skandinavia og Sveits, og i tillegg medverka som kammermusikar ved festivalar rundt om i Europa. Trygve uroppførte Henning Sommeros pianokonsert "Triquarta" med Trondheim Symfoniorkester i februar 2002, og har elles vore solist med mellom anna Orchestre de la Suisse Romande (Geneve). Han er også ein mykje brukt akkompagnatør for ulike solistar og kor.



Trygve Bröske

Mange av dei store operakomponistane som Verdi, Puccini og Strauss hadde gjerne med ei bøn eller ein hymne i sine operaer. I Rosekyrkja får vi høyre eit utval av slike perler frå italiensk og tysk opera, framført av ein songar med både språk og kultur på innsida. I tillegg får publikum oppleve kjende songar frå oratorie- og liedtradisjonen.

Velkommen til ei musikalsk oppleving utanom det vanlege.